



Latvian Wood AS  
Nordveien 51  
9180 SKJERVØY

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1958 - 18/22833

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
13.07.2018

## Førebels svar med trøng for tilleggsdokumentasjon - gnr 70/48 Feste ytre

Tiltak: rehabilitering / påbygg av hytte  
Byggjestad: Gbnr: 70/48 Haukåsvegen 19  
Tiltakshavar: Mette Sagstad  
Ansvarleg søker: Latvian Wood AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.06.2018.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Eigedommen ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel er sett av til landbruk, natur og friluftsføremål (LNF). I desse områda er det kun tiltak som er knytt til gardsbasert næring som er tillatt. Påbygg på fritidsbustaden krev søknad om dispensasjon frå LNF føremålet.

Eigedommen og fritidsbustaden ligg innanfor 100 meters beltet langs sjø der det er eit byggeforbod, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 1-8. Det må sendast inn søknad om dispensasjon frå byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjø. Sjå vedlagte rettleiar med skjema som kan nyttast ved innsending av dispensasjonssøknaden.

- I søknaden er det gjort greie for at heimelshavar har gitt tiltakshavar fullmakt. Vi ber om at fullmakt frå heimelshavar vert sendt inn.
- Blankett 5175 må sendast inn. Det er ikkje oppgjeve nytt/endra bygd areal (BYA) eller bruksareal (BRA) for tiltaket det er søkt om. I søknaden må utnyttingsgrad for eigedommen visast, samt endra BYA/BRA før og etter tiltaket. Blanketten finn de her:  
[https://dibk.no/globalassets/blanketter\\_utfyllbare/alle-blanketter/5175-opplysninger-om-tiltakets-ytre-rammer.pdf](https://dibk.no/globalassets/blanketter_utfyllbare/alle-blanketter/5175-opplysninger-om-tiltakets-ytre-rammer.pdf)
- Det er ikkje lagt ved gjennomføringsplan i søknaden, blankett 5185.
- Det er ikkje lagt ved søknad om ansvarsrett for prosjekterande for tiltaket. Søknad om ansvarsrett for ansvarleg prosjekterande må sendast inn.
- Det må sendast inn situasjonsplan der ytre mål for det som skal byggast er vist, og avstand til nabogrenser.



7. Innsendte teikningar er vanskelege å tyde. Det må sendast inn teikningar som viser både før og etter situasjonen av fasadar (før kan visast med bilerter) og planløysing. Planteikningane må vise rominndeling med areal. Det må gå klart fram av teikningane kva endringar som vert gjort som følgje av det de no søker om. Snitt teikning med gesims- og mønehøgd må sendast inn.
8. Når ikkje anna er opplyst i søknaden legg vi til grunn av tiltaket oppfyller krava i gjeldande byggteknisk forskrift. Dersom det vert gjort unntak frå kravet som følgje av påbygget, må det gå fram i søknaden.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 31.08.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Vi gjer merksam på at det vert fakturert eit gebyr per dispensasjon. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

dispensasjon-nynorsk  
tegninger---hva-kreves

#### **Kopi til:**

Latvian Wood AS	Nordveien 51	9180	SKJERVØY
Mette Sagstad	Gravdalsveien 35c	5164	LAKSEVÅG

#### **Mottakarar:**

Latvian Wood AS	Nordveien 51	9180	SKJERVØY
-----------------	--------------	------	----------